

HYRDINGEN

NR. 4

SEPTEMBER

ÅRGANG 52

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Kongens fortenestemedalje i sølv

Side 3

Konfirmantar 2010



Side 6-7

Hausten er tida for oppstart av eit mangfaldig arbeid i bygdene våre



Speidarane våre var godt representert på landsleiren på Lista, og ved jubileumsgudstenesta i Vats.
[Les meir om dette på side 9](#)



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen på konto: 3243 05 05202
Adr. 5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen
Johannes Nedrelied, Eiotunet, Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelied@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold
Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15
Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen
Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal
Harald Eintveit, Kommunehuset, Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15
Prostiprest/fengselsprest:
Arild Markussen tlf. 53 65 56 16
Forværelse:
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Mandag er prestane sin fridag.

Kyrkjeverja i Vindafjord
Inghart Lasse Tveit, Rådhuset Ølen
Tlf. 53 65 65 43 fa 53 65 65 66

Soknerådsleiarar:
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Anne Marie Reimers
Sandeid: Kari Vik Stuhaug
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjøa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Elin Frøyland

Presten har ordet

ved sokneprest Trygve Sandvik



Mat, måltid og mosjon

Når eg no som gammal tenkjer attende på barndomen, har dette med mat, måltid og arbeid kome fram som gode og lærerike minne. Fyrst er det maten som mor laga, det søndaggrove heimebakte brødet som mor laga pluss den deilige finskiva til helgene, vaffelkaka for laurdagskvelden, dravlen og lefsa for dei store høgtidene og ikkje å forgloyma sild og fiske av alle slag, kokt, steikt og røykt, salta eler vindturka. Å- du og du! Kor det smakte! Også dei brende skorpene og dei harde rendene.

Saman med dette med kor godt det smaka må eg nemna dette med god bordskikk der alle møtte til same tid anten det var halv åtte om morgonen eller sju om kvelden. Det gjekk på omgang mellom oss minste å lesa borddbøna ståande og ingen fekk springa frå bordet før alle var ferdige. Misforstå ikke, me fekk lov til å både le og snakka under måltidet, men alt hadde ein karakter av høgtid og takksemd.

Når det galdt spørsmålet om mosjon og aktivitet etter måltida, var der ikkje noko problem om å finna på ting i allfall på ein bondegard som heime. For oss gutane som var i stort fleirtal heime i Sandvik stod oppgåvene i kø med vedhogging, skogsarbeid, ugrasluking, høyslått, potetoppnak og husfiske osv i det uendelege. Og sjølv sagt lekselesing. Sjølv minnest så lenge eg har vit og forstand fars harde grep over armen då han høyrdé meg i forklaringa til den tredje artikkelen I Sverdrups katekisme og ikkje var stø nok.

Eg veit svært godt at eit slikt mønster som far og mor representerte ikkje kan realisera i vår moderne tid. Men der er viktige grunntankar som er verd å tenkja gjennom når det gjeld vår åndelege mat, våre åndelege måltid og åndelege mosjon. Kort sagt: Vårt åndelege liv idag.

Me veit svært godt kva som er vår åndelege mat. Det er Guds ord. Det ser ut

for at t.d. det japanske folket les mykje i Bibelen. Men den kristne kyrkja veks så seint. Mange meiner med rette at ein av dei viktigaste grunnane er at dei ikkje går der Guds ord blir forkrynt. Paulus seier i Rom.10, 17 at trua kjem ved forkynninga. Og forkynninga får me høyra der Guds ord vert forkrynt. Det gleder meg alltid når nokon ved utgongen føyer til eit "Takk for maten". Men for å unngå at eg tek dette til inntekt for meg sjølv så minner eg meg om det ein eldre kollega fortalte. Han fekk slik ros for noko han hadde gjeve ei kvinne på gudstenesta og han spurde henne kva det var han hadde sagt i preika som hadde gjort henne så godt. Svaret kom prompte og ærleg: Å, nei, det var ikkje i preika, men ei setning i kyrkjebøna du las!

Ei god gudsteneste og eit godt bedehusmøte er hovudmåltida for oss som Guds born. Og slik som måltida og maten må vera næringsrike og til faste tider reint fysisk slik må det også vera på det åndelege området Samanlikninga er svært viktig å hugsa på. Det er rett forstått ganske frapperande om nokon tykkjer: Det får vel greia seg med dei store høgtidene. Faktisk er det altfor lite med ei gudsteneste annakvar søndag slik som på våre kantar. Difor er det så viktig med bedehusa våre at dei vert nytta mykje meir enn dei vert.

Det skulle vera unødvendig å minna om det måltidet som nattverden er for som kristne som treng mykja god næring. Der får me i sanning smaka og kjenna at Herren er god.

Til slutt lat oss alle vera klår over at vår åndelege mosjon er misjonen, både her heime og ute i den del av verda kor evangeliet endå ikkje er kjent. Det tyder ikkje godt at misjonsselskapet stampar i motvind. Det må ikkje vera så. Utan tvil er det eit ord til oss alle i Norge.

Trygve Sandvik



Av Steinar Skartland

"En sommer er over, men minnene om den består," song Kirsti Sparboe. Har du hatt ei fin tid i sommar? Fått kvila deg og henta inn nye krefter og kan hende kopla til. Kopla til Guds kraftkjelde og blitt inspirert gjennom sommarstemne, leir eller friluftsgudsteneste.

Nå startar det opp eit stort og mangfaldig arbeid i bygdene våre. Det meste er uløna. Folk som brukar fritida si til søndagsskule, speidararbeid, musikk, idrett osb. Takk til alle som gjer ein innsats i samfunnet.

Men ei teneste vil eg særleg minna om nå. Besökstenesta. Kjenner du nokon som ikkje kjem seg ut til å delta i dei store aktivitetane? Kanskje helsa har svikta eller alderen har gjort sitt. Du kan få spreia glede ved å ta turen innom ein slik heim. Kan hende gå ein liten tur med nokon eller hjelpe dei med nokre småting i kvar dagen. Eller berre vera der, til stades, som ein ven eller nabo. Vi har ulike oppgåver og tenester. Finn din plass. Og spør gjerne dei du møter: "Korleis har du det i dag?" For dei som slit og har tungt å bera så trengst eit medmenneske.

Bladpengar

Det er til nå i år kome inn kr 137.850,- i bladpengar frå mottakarane av Hyrdingen. Redaksjonsnemnda vil med dette få takka alle som med denne frivillige betalinga er med og gjer det mogeleg å senda Hyrdingen til alle husstandar i kommunen. Er det fleire som vil betala inn, men manglar giroen, kan de nyitta kontonr.: 3243.05.05202.



Leir på Brandøy er gøy.

Kongens fortenestemedalje i sølv til Sigrun Thormodsæter

Husmor på Brandøy i 40 år

Den årlege Brandøydagen vart ein stor festdag, og aldri før har så mykje folk vore samla på Brandøy. Nær 400 menneske var på plass då dagleg leiari i Samskipnaden, Svein Bjarne Aase, ynskte vel møtt. Speielt helsa han heidersgjesten Sigrun Thormodsæter og varaordføraren i Vindafjord kommune velkomne. Soknepresten i Etne, Per Hjemdal, talte over teksten for dagen om "Ordets makt og kraft". Inspirert peika han m. a. på at utan ord ville menneska



vore som dyr. Ord gjer at me kommuniserer, tenkjer og forstår, men me brukar diverse orda på mange måtar som ikkje er berre til glede. Han slutta med å visa til at det er ordet om nåden som skal seia oss rettferdige. -Jesus er Ordet! Lev i samfunn med Jesus! Songgruppa Decor frå Bømlo sytte for vakker song fleire gonger i løpet av dagen.

kunne også sjå tilbake til eigne leiropplevingar ho hadde fått med seg som barn, og peika på den ramma Sigrun la rundt det heile med måten ho var på. Varaordføraren overrekte så diplom frå kongen, og festa medaljen på Sigrun. Det var ei mektig og gripande stund for heile forsamlinga, og det vart avslutta med at representantar for leirdeltakrar kom i lang rekke og gav Sigrun roser. Sigrun takka med velvalde ord der ho mellom anna sa: "Det er berre så alt for mykje, - eg synest ikkje at eg fortener dette!" Ho tok vidare fram glimt frå dagar på Brandøy, og skildra utfordringar i muntre ordlag.

Medaljeutdelinga

Å beskriva Sigrun med ord, er uråd.

- Du betyr så mykje. Du er ein stor tenar i Guds rike, og du kjem så stilt og oppofrande med alt. -Du er ei gáve frå himmelen, var ord som Svein Bjarne Aase inndeia overrekkingshøgtida med. Før sjølve utdelinga av medaljen, vart det synt ein biletka-valkade om Sigrun frå lite jente og fram til i dag. Varaordføraren i Vindafjord, Marit Aga Hustveit tok seg så av den høgtidelege handlinga, og bar fram varme og gode ord til Sigrun. Ho las statuttane for utdeling av kongens fortenestemedalje, og Sigrun fyller krava.

Varaordføraren drog fram kjennskap til Brandøy og Sigrun gjennom alle dei gongene kommunen hadde nyttat staden til kommunale konferansar og møte. Ho

Familiemøte

Leirlivet er ein stor og viktig del av Samskipnaden sitt arbeid, og ettermiddagsmøtet tok til med ein biletka-valkade frå leirar på Helgatun og Brandøy gjennom heile året. Barnekoret Shine frå Leirvik deltok med fin song. I tillegg song og ei stor gruppe born. Liv Rolvsnes tala om Peters fiskefangst. – Utstyrt med fiskestong og Bibel engasjerte ho både store og små. Ho understreka Jesu ord: "Fylg meg, så skal eg gje dykk til menneskefiskarar."

Jens Tveit

Torsdagstreff på Kyrkjetunet

Når kyrkjebladet kjem ut, har vi alt hatt vårt første treff i haust! Desse treffa har etterkvar blitt månadens høgdepunkt for mange! Det er godt å vere i eit fellesskap. Den gode praten! Eit måltid ilag med andre! Få høyre ord som varmar, trøystar og gjev glede og ny styrke i kvardagen. Det er 4 år sidan Diakoniutvalet i Ølen starta opp med dessa formiddagstreffa. I starten var vi 12-15 stykke som møtest. No er vi ca 20-30..., men det er plass til endå fleire i huset! Det er ope frå kl. 11-13. Det går ann å stikke innom, om du ikkje er der heile tida. Programmet er enkelt! Det er alltid mat, men menyen varierer: vaflar, rundstykke, suppe m.m. og noko ekstra godt på juleavslutninga. Kl.12 har vi ord for dagen! Vi syng litt ilag, og mange har med seg handarbeid. Det er god tid til prat! Siste gang før sommarferien er det tur. I år gjekk turen til Stuhaug gardsmuseum. Det vart ei vandring i fortida! Vi var imponert over alt som var samla og tatt vare på, og ikkje minst all den historia/kunnskapen som Greta og Ragnar Stuhaug sat inne med! Praten gjekk godt kring langborda, nydelig lapskaus... og den heimelaga kaffimaten til Greta smelta på tunga! Tusen TAKK til vertskapet! Velkommen til TORSDAGSTREFF: 7.oktober, 4.nov., 2.des.

Diakoniutvalet i Ølen (Anny H Storvik)



På tur til Stuhaug gardsmuseum.



Centro Creer

Ny misjonsavtale i Ølen kyrkjelyd

Søndag 26.september vil kyrkjelyden i Ølen inngå ny misjonsavtale i gudstenesta kl.11:00 . Me har vedteke at den nye avtalen skal vera knytt til Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador.

Misjonsavtalen vil vera knytt til Centro Creer, eit arbeid for funksjonshemma. Å føda eit barn med funksjonshemming er mange stader forbunde med skam. Sånn er det også i Guayaquil. Dei funksjonshemma har få støtteordningar og må klara seg ved hjelp av familiene sine. Då er ein avhengig av at familien veit korleis dei best mogeleg kan hjelpa og at dei får hjelp til å takla fordommane dei møter i samfunnet.

Framleis er det auka behov for støtte til

dette prosjektet. Sentra blei starta for ca. ti år sidan fordi det viste seg å vera stort behov for eit tilbod for barn og unge med ulike typer funksjonshemmingar. Det tok til med åtte familiar. I dag har det blitt til to store sentre i to av de fattigaste områda av storbyen Guayaquil. For tida er 200 familiar knytta til sentra Centro Creer. Sentra treng støtte for å kunne fortsetja å gje dette tilbodet til funksjonshemma barn og unge i slummen i Ecuador. ”Livet har forandra seg totalt for sju år gamle Domenica og familien hennar etter at ho fekk plass ved Misjonsalliansens handikapsenter, Centro Creer. – Det er ei Guds signing, seier mamma Alisia.”

På gudstenesta vil misjonskonsulenten i Stavanger bispedømme, Gunther Theiss,



Eit hadikappa barn i positiv utvikling på Centro Creer.

og prost Arne Øystese vera med. Jazzmusikk vil også prega denne gudstenesta.

Håpar mange vil slutta opp om gudstenesta og misjonsarbeidet i kyrkjelyden!

Ølen sokneråd v/ leiar.

Jubileumsgudsteneste i friluft

I 25 år har det vore tradisjon med fri-luftsgudsteneste og speidarleir på Refns i Vats. Dette har vorte svært populært og mange ynskjer å få bera borna sine til dåpen på denne gudstenesta. I år var det heile 4 dåpsbarn. I tillegg til den lokale soknepresten deltok Biskop Seta frå Madagaskar saman med fire speidrarar derfrå. Speidarane i Skjold og Vats var på leir der frå laurdag til sundag. Etter gudstenesta kunne store og små kosa seg med grillmat, leikar og aktivitetar i finavêret. Dei Afrikanske gjestene syntes dette var fantastisk flott å få vera med på.



Frå vesle Tordis sin dåp.



Dei frammøtte fekk høyre song og musikk frå speidrarar frå Ihosy, Madagaskar.

Landsleir på Lista



Her frå innmarsjen til opningsgudstenesta med biskop Seta og leirpresten Gaute Norbye i spissen.

80 KFUK-M speidrarar frå Vikebygd, Skjold og Vats fekk i år delta saman med 5000 andre på landsleir 3.-10. juli.

Dei fire frå Madagaskar var også med saman med biskop Seta. Dei kom heim metta av positive opplevingar etter speidarliv og leirbål.



Trude, Bodo, Aly, Martha og Dagne (er vel inni teljet og leitar etter eit-kvart) budde i lag under landsleiren på Lista.

Konfirmantane



Ølen

1. rekke fra venstre mot høgre: Malin Therese Tufte Øye, Irine Singh, Norunn Helland, Hilda Stople, Maria Bastlien, Terese Stople Gjendem, Yvonne Klungland Dahlberg, Siren Haugland Gundersen, Karine Klungland, Eirin Davidsen Matre, Anita Ivesdal, Ingunn Netland Torgrimsen. 2. rekke fra venstre mot høgre: Anders Vik, Mats Aspesæter Rødne, Ole Johannes Håvik Storvik, Helen Totlandsdal, Silje Berge, Nina Karin Lunde, Liljan Espevik, Ragnhild Lunde Kateketen, Soknepresten, Sunniva Reistad Berge, Christine Lund Søvik, Elisabet Berge, Helene Podhorny Økland, Wenche, Helen Søndenå, Lars-Erik Stangeland, Kristian Vedå Skålnes, Martin Stråbø. 3. rekke fra venstre mot høgre: Tom Arden Aareskjold, Thomas Helland, Morten Stene, Fredrik Hodnemyr Pedersen, Ruben Strand Hauge, Jardar Vetrhus Dørheim, Simen André Rullestad, Mikal Vaka, Thomas Åsheim, Jørgen Habbestad, Eivind Landa Skaar, Paal Aslak Klungland, Martin Djuve Vågen, Jonas Kvamen Clausen, Lars Erik Grunnevåg.



Bjoa

Fra venstre mot høgre: Soknepresten, Trygve Miljeteig, Anne Elin Grønnestad, Kateketen.



Imsland

Fr. v.: Sindre Ramsfjell Skipevåg, sokneprest Harald Eintveit og Cathrine Lid Wiland.



Skjold

1. rekke fra venstre: Kristine Tjoflot Vestre, Silje Rørtveit, Aina Iren Bådsvik Handeland, Astrid Selsvik Stendal, Eline Ohm, Elisabeth Nesheim Vestre, Guro Tveit. 2. rekke: Oda Wannberg, Hilde Skjold, Janna-Åsa Håvardsen, Andre Hustoft Nesheim, Bård Wannberg, Geir-Inge Skjold, Henrik Haraldseid, Eivind Krakk, Kristian Langeland, Kristian Risanger, Lovisa Jamne, Ingvild Haugen, Ida Kristin Alendal. 3. rekke: Nils Rune Askeland Alvseike, Hermand Hansen, Andreas Økland, Bredo Haraldseid, Tommy Dagsland Indreland, Håvard Haraldseid, Joackim Kvinnesland Rugtveit. Framme: Sokneprest Martin Ivar Arnesen

Konfirmantane



Vikebygd

1. rekke fra venstre mot høgre: Sondre Maurangsnes, Marte Ødegård, Vebjørn Mortveit. 2. rekke fra venstre mot høgre: Soknepresten, Eirik Larsen, Espen Vik, Victor Søndenå Erdal



Sandeid

Fr. v. bak: Johannes Ramsfjell, Ole Magnus Stople, Petter Asheim Nordskog, Reinert Apeland, Berge Marius Stople og sokneprest Harald Eintveit. Fr. v. framme: Amalie Asheim, Liva Selvaag, Liv Karen Lærdal, Gunhild Skeie, Maren Haugen og Marita Bakkedal.



Vats

1. Rekke fra venstre: Susanne Klungland Stokkevåg, Bjørg Irene Frøland, sokneprest Martin Ivar Arnesen, Stine Eikanes. 2. Rekke: Harald Bakke, Vegard Olsen, Helge Hatteland, Kjersti Skrunes, Oda Maria Nesheim, Karoline Urdal, Ingunn Frøland, Hanne Kristin Nordhus Døvik, Heidi Berakvam, Therese Langeland, Glenn Andre Langeland, Olav Anders Eide, Bjarte Selsaas. 3. Rekke: Kjell Hatteland, Håvard Sørbotten, Nils Rune Askeland Alvseike, Vebjørn Vik Vestly, Steinar Aursland, Kjartan Dale, Martin Børve, Sondre Eikeland.



Vikedal

Fr. v. bak: Joakim Rønnevik, Stian Leite Frøland, Kristoffer Rønnevik, Knut Olav Grimaas og Anton Holten. Midtre rekke: Rune Torstenbø, Lise Helland, Vilde Frøland Pedersen, Stine Oline Fosen Vetrhus og sokneprest Harald Eintveit.. Fr. v. framme: Ida Helland, Lise Mari Sandvik, Anette Strømeland, Camilla Låte Kvamen, Julie Skipevåg Andreassen, Lydia Haugan Helland og Merete Guldhav.

Bedehusbasar ved Imslandsjøen

Tirsdag 20. juli var det på nytt bedehusbasar ved Imslandsjøen. Både feriegjester og bygdafolk møtte mannsterkt opp, slik at huset etter kvart vart fullsett.

Gevinstane var mange og fine, og loddosalget gjekk livleg.

Gruppa "Song og spel" frå Vikedal underheldt med song og musikk både før og etter kaffien.

Anne Marie Reimers heldt ein tankevekkjande andakt ut frå teksten om den barmhjertige samaritan, og tala om kor viktig det er å ta vare på kvarandre, spesielt dei nye som kjem i vår veg.

Etter kaffien fortalte Tomas Finnvik om historia til bedehuset og staden. Huset

vart bygd i 1874/75. Pådrivaren for dette var nok handelsmann Halvor Halvorsen ved Imslandsjøen. Det var ei åndeleg vekkjing i Rogaland i dei tider, inspirert av Stavangerpresten Lars Oftedal.

Rundt 1960 vart huset flytta litt mot nord for å gjera vegen breiare. Huset vart samstundes påbygd og sett i den stand det er i dag. Det var Jonas Norland som stod for dette arbeidet. Han budde i bakken ovanfor Imslandsjøen og gjorde arbeidet for lite betaling.

Soknerådet i Imsland arbeider nå med planar om å setja bedehuset i brukbar stand, og pengane er eit godt bidrag til dette. Overskotet vart vel kr 16.500,- denne kvelden, noko som må vera ny rekord for denne tradisjonelle basaren.



I tillegg har soknerådet motteke ei anonym gáve på kr 4.000,- til bedehuset, slik at over 20.000,- gjekk inn på konto.

Soknerådet takkar for gåva, og takkar alle som bidrog med gevinstar, med kaker til kaffien, og ikkje minst takk til alle som tok lodd.

Theodor

«Happy»

Dette er namnet på ei songgruppe som held til på Bjoa. Kvar 14. dag har dei øving på Innbjoa bedehus før Credo har samling.

Det er Sonja Toadalen Sælevik som er leiar for songarane, og ho seier at dei er svært trufaste å møta fram, og det ser ut for at dei kosar seg. Ho synest sjølv at det er veldig kjekt å arbeida med gruppa.

Dei er med og spreier glede, slik namnet "Happy" betyr, - og er med på familie-gudstenester, bedehuset, helsehuset og ved arrangement på skulen, - 17. mai og basarar m.m. "Happy" har og vore ute for bygda for å spreia glede.

Solmund Paulsen Oland synest at det er skikkeleg kjekt å vera med i "Happy". Han fortel at for det meste har dei brukt "playback" (musikk på CD) til songane, men etter kvart har han spelt piano til. Det er kjekt å vera med å syngja for andre, fortel Barbro Sælevik. Ho likar best songar med litt futt i, og "You raise me up" er favoritten.

På spørsmål om det hender at ho gruar seg for å syngja, svarar ho at det må vera om ho skal syngja solo – og ikkje har fått øvd nok. I tillegg til Solmund og Barbro, har Aleksander, Daniel og Erik vore med i "Happy". Dei som er med synest at gruppa er passeleg stor, og at dei mest alltid er einige.



Songgruppe "Happy" på Bjoa gler folk på møter og i kyrkja.



Solmund Paulsen Oland, Daniel Årvik og Barbro Toadalen Sælevik, saman med leiaren: Sonja Toadalen Sælevik.

Sandeid Sokneråd

Det var stor utskifting i Sandeid sokneråd også ved det siste valet, berre ein representant sat over frå sist. Men det er ein motiver og engasjert gjeng. Og med nytt sokneråd og ny prest skulle det vera råd å tenkje nye tankar. Me ser likevel at det er viktig å bygge på gode innarbeidde tiltak frå tidlegare sokneråd slik som kystkulturgudsteneste og utdeling av Tripp Trapp-pakkar til 3-åringane. Men m.a. gav idedugnad som me hadde i vår rundt gudstenesta mange spennande innspel til korleis gudstenestelivet kan utviklast. M.a. kom det fram ønske om å sleppe fleire ”stemmer” til i gudstenesta. Og det såg ut som presten tok ideen på strak arm (eller hadde han tenkt det ut før?) – i alle fall kalla han i neste gudstenesta fram bonde Lars Handeland som han samtalte med om det å vere gjetar då tekstene handla om den gode hyrdingen. Elles ønsker soknerådet å arbeide vidare med å gjere kyrkjya til ein stad for formidling av kultur. Det er dessutan fleire som har ytra ønske om eit breiare kyrkjeleg tilbod til borna. Nokre eldsjeler står på med barneklubben Liv og Røre, og dei gjennomførte ”Lys vaken” for 11-åringane før jul i fjor, men me er heilt avhengig av at frivillige melder seg for å vere med og drifte slike tiltak. Samordning av trusopplæring med eit felles trusopplæringsut-



Sandeid sokneråd ved f.v. Kari Vik Stuhaug (leiar), Magne Inge Vårvik (repr. i fellesrådet), Ranveig Mattingdal, Jan Ove Stople (bak - nestleiar), Hilde Bjelland Abelseth, Solfrid Grønnestad (vara – møter fast), Harald Eintveit (bak – sokneprest) og Margretha Solland (vara – møter fast). Linda Terese Skaar var ikkje til stades då biletet vart teke.

val i kommunen kan vonaleg gi støtte til utvikling av slike tiltak også i Sandeid. Me ser elles at soknerådet ofte blir ”arbeidsutval” for mange praktiske ting, og me lurer på korleis me kan dele desse oppgåvene på fleire. Det kan handle om praktisk rigging til friluftsgudstenesta, å stille med kake til kyrkjekaffien, eller organisere konfirmantane for fasteaksjonen. Mange slike oppgåver gjer at me trekker inn varepresentantane ein del (to av dei møter

fast). Når me kjem så langt at me spør er jo folk ofta velvillige, likevel er me nok litt beskjedne her. Me prøvde oss så vidt i vår med forsongarar når det er nye salmar i gudstenesta, og der skulle me gjerne hatt fleire i ”stallen”. Så om du kunne tenke deg å bidra med dette eller andre ting tek me meir enn gjerne imot ein telefon om det.

Kari Vik Stuhaug, leiar

Soknerådet i Vats

Min plass og mi teneste

Song: 491.1

Eg har ei teneste stor for Gud. Frå dag til dag i det stille.
Der kvardagskleda vert høgtidsskrud
og livsens småting så gilde.
Ja. skal eg eingong det stor få,
eg må i truskap i alt det små i Jesu fotefar
lydig gå.
:og vilja det Jesus ville.:

Dette er det kyrkjelyden i Vats vil fokusere på i haustsemesteret. Gud har ein plan for alle sitt liv, og me i soknerådet vil svært gjerne være med å tilrettelegge slik at både unge og gamle finn sin plass og oppgåve. Det aller viktigaste er at alle i bygda skal møta Gud og bli kjent med Han. Me kan fort bli passive i dag ogtru at det er andre som dreg ”lasset”. Ein måte å gjera noko med det er ein



Namna på medlemmene framme frå venstre er: Frode Eike, Kjetil Ohm og Monica Stødle Veldé. Bak frå venstre: Martin Ivar Arnesen, Arild Urdal(Soknerådsleiar), Håkon Børre Koltveit, Bjørg Alvseike Stokland og Grete Skeie Sørhus.

kyrkjelydsweekend til neste år. Å bli bedre kjent med kvarandre har alltid virka positivt. Det kan faktisk bidra til at du får lyst til å bli med! Trusopplæring og

strategiplanar kan fort ta tid og krefter. Gløym ikkje deg sjølv og naboen.

Vats Sokneråd, Arild Urdal.

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLVGS
LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLVGS
LUNDENESET VGS

Knapphus BIL



5576 Øvre Vats
Tlf. 52 76 73 10

Knapphus BILVERKSTED



5576 Øvre Vats
Telefon: 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-Bank

Avd.: Ølen Avd: Vats Telefon 02002

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

Se også vår hjemmeside:
www.skattkjær.no

Skattkjær Skiferindustri as

Årabrotsvn. 21, Kvala
Tlf. 52 70 42 90

ÅPNINGSTIDER:
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30.
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt

Samling med Ole Magnus Olafsrud i Vats

Lyst å bli med i ei smågruppe?

Smågruppene er den staden me kjem litt tettare på kvarandre, torer å stilla spørsmål, og saman brukar tid til å bli betre kjent med Jesus! 30.sept kl 19.00 på Kårhus bedehus inviterar Vats kyrkjelyd til samling med **Ole Magnus Olafsrud** og tema ”Min plass og teneste”. Utover hausten og våren ynskjer me å arbeida vidare med temaet i smågrupper og fellessamlingar. Ynskjer du å bli med i ei slik gruppe har du moglegheiten no! Er du allereie med i ei gruppe (bibelgruppe, bønnegruppe, misjonsgruppe osv) håpar me at du og gruppa deltatar. Ta kontakt under denne samlingen 30.sept. Meir informasjon etter kvart!

Vats sokneråd

Soknemøte i Imsland om framtida til bedehusa i bygda

Det var halde soknemøte etter gudstenesta sondag 8.august for å diskutera framtida til bedehusa i Imsland. Her vart gjort følgjande vedtak: Bedehuset ved Imslandsjøen: Soknemøtet gir sin tilslutning til at Imslandsjøen Bedehus blir overført til Imsland sokneråd som menighetshus og som bedehus. Eigedomsretten til bedehuset skal ikkje overførast til andre utan nytt vedtak i eit soknemøte. Dette gjeld også evt. overføring av eigarskap til kyrkjeleg felleråd eller kommune. Dersom det blir eit felles sokneråd for Vikedal prestegjeld, skal dette soknerådet velja lokalt styre for bedehuset. Siste valde styre blir gitt fullmakt til å avgjera om huset skal selgjast, til kva pris, og kva salgsommen skal brukast til - eller eventuelt opprustning av huset. Soknerådet.

Orgel i Skjold Kyrkje!

Mange har gledd seg til festgudstenesta 1. søndag i advent og innviing av nytt orgel. Etter som det ser ut til no blir den ikkje før januar februar 2011. Carsten Lund som me har kontrakt med, er blitt sjuk. Meir ”info” om framdrifta om orgelet kjem i neste nr. av Hyrdingen.

Mhl. Liv Svendsen i orgelnemnda

Soknemøte i Skjold kyrkje etter gudstenesta den 10.okt.
Sak:gudstenesteforordning.



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

**Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted**

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Vigde:

22.05. Stina Bakkedal og Øystein Fosen
26.06. Hanne Solheim og Eivind Mugås
07.08. Anne Margrethe Hårde
og Stian Antonsen
07.08. Katrin Schlüter og
Lars Kåre Selland Kleppe

IMSLAND

Døpte:

13.06. Åmund Moe Rørtveit,
Ådne Hustveit Andreassen
08.08. Petra Novik-Blikra,
Anita Blikra

Vigde:

22.05. Guro Marlene Mathisen
og Henning Rønnevik

Døde:

19.06. Karstein Krokedal f.1939

SANDEID

Døpte:

18.04. Kaja Døvik,
Markus Furseth,
Åmund Byggstøy Ørke.
04.07. Elvira Helgevold Hundseid,
Ninni Rørheim.

Døde:

02.06. Jenny Årak f.1918
17.06. Ingvar Georg Miljeteg f.1922

SKJOLD

Døpte:

23.05. Jennie Nesbu (i Birkenes kyrkje)
30.05. Jakob Berentsen,
Norah Rindahl Hansen,
Emilie Berge Østrem,
Emma Håkull Haraldseid.

Vigde:

15.05. Laila Skrunes og
Leif Henning Rørtveit

Døde:

04.06. Gunvald Vågen f.1920
26.07. Martin Brostrup Knutsen f.1928

VATS

Døpte:

20.06. Jarl Kalstveit Sjurseike, På Refsnes
Simon Nordtveit Vestre, ”
Veslemøy Gregersen, ”
Tordis Sørhus ”

04.07. Jarle Kaldheim Olsen,
Laurits Dale,
Johannes Skrunes

Vigde:

24.07. Sølv Innvær og Sverre Staurland
31.07. Perly Innvær og Per Sandvik
14.08. Borghild Velde og Jakob Eskeland

Døde:

10.05. Bjørn Røgenes f.1955
05.07. Hanne Nygård f.1921

ØLEN

Døpte:

30.05. Markus Johan Nedrelid
30.05. Kristian Digernes Matre
30.05. Aleksander Totland Jensen
30.05. Oliver Eikesdal Vågen
13.06. Lucas Carlsen Auguststad
13.06. Serine Fjæra
13.06. Celina Sjo Heggebø
11.07. Martin Heggebø
08.08. Mia Østerås Lothe
08.08. Sondre Haugland Tvedt
29.08. Nathalie Haugland
29.08. Nora Haugland
29.08. Anders Vannes Berge

Døde:

16.05. Sigurd Johan Henriksen f. 1938
18.05. Osmund Haugland f. 1920

19.05. Konstanse Emilie Kvåle f. 1914

27.05. Terje Henriksen f. 1945

09.06. Bjørg Margrethe Nilsen f. 1934

11.06. Toralf Klungland f. 1919

23.06. Daniel Bergsvåg f.1924

12.07. Bjørgchild Ljosnes f. 1925

22.07. Johan Oskar Opheim f. 1924

15.08. Kjell Bjarne Eikesdal f. 1942

Vigde:

22.05. Solveig Haugland Hatteland
og Dag Rune Bredal
01.07. Aina Aspeseter og Geir Rødne
10.07. Anne Randi Ludvigsen
og Halstein Bakkem

BJOA

Døde:

22.08. Trygve Erling Johannessen f.1918

VIKEBYGD

Døpte:

20.06. Hallvard Øvstdal
20.06. Kaspian Sæbø
20.06. Heine Barane Vestre

Døde:

15.06. Bjarne Bjordal f.1933
16.06. Konrad Tindeland f. 1935
27.07. Glenda Bjørg Barane f. 1936

Vigde:

03.07. Iselin Stople Eidhammer
og Håvard Tveit
03.07. Gunn Elisabeth Helleren
og Kristian Ertenstein

Program for Bjoa sokn hausten -10

Innbjoa bedehus:

- Møteveke 7,-12 september ved Kåre Johan Hamre kl 19.30
- Bedehusmøter på onsd. i partalsv. kl. 19.30
- Bønn/samtale/songkveld på onsd. kl. 19.30
- Credo for 5.-7.kl.på torsd. i partalsv.r kl. 18-20
- Filmkveldar for 8.-10.kl. Ikkje bestemt dato. Kjem annonsering i september

Bjoa kyrkje:

- Salmekveld av gruppa ”Balsam ” frå Etne 24.10 - sjå plakatar
- Øving for barnekoret torsd. i partalsv. kl. 18-19

Du trengst som frivillig medarbeidar i Ølen kyrkjelyd!

Ynskjer du gjera ei viktig teneste i Ølen kyrkjelyd saman med andre, nokre gonger i året? Me treng nye frivillige kyrkjetenarar og kyrkevertar. Innsparte midlar brukar me til kateketstillinga. Opplæring vert gjeve tysdag **7.september kl.19:00** i Ølen kyrkje. Ta kontakt med Ølen sokneråd: Bjørg Østvold, tlf. 53768970/ 93856275 eller Liv Ingunn Heie Medhaug, tlf 53768592 / 95123371



September-10

Tysdag	14.	kl.17.30	Barnekor
Tysdag	14.	kl.18.30	Klubb
Laurdag	18.	kl.10.00	Kyrkjeturndagar på Ølen v.g.s.
Laurdag	18.	kl.20.00	20+
Søndag	19.	kl.11.00	F-16 på Kyrkjeturnet med komleiddag kyrkjeturdagane
Tysdag	28.	kl.17.30	Barnekor
Tysdag	28.	kl.18.30	Klubb
Torsdag	30.	kl.19.00	Kvinneforum
Oktober-10			
Fred.-laurd.	1.-2.		Kyrkjeturweekend på Utsikten.
Søndag	3.	kl.19.30	Misjonsmøte v/Skartveit
Torsdag	7.	kl.10.30	Tripp Trapp
Torsdag	7.	kl.11.00	Torsdagstreff
Torsdag	7.	kl.19.30	Bibeltime v/Eidsheim
Laurdag	16.	kl.20.00	20+

Vågen Bedehus

Sundag	12.9.:	Sundagsmøte, Jens Tveit
Onsdag	15.9.:	Bønnemøte
Sundag	19.9.:	Sundagsmøte, Aksel Ivar Johannesen, ImF
Onsdag	22.9.:	Bønnemøte
(Fredag	24.9.:	Lundenesbasaren)
(Sundag	26.9.:	Lundeneskveld, to møte med kveldsmat mellom)
Onsdag	29.9.:	Basar ved kvinneforeningen ”Enig og Tro” (NLM)

Teknisk hjelpar i Ølen

Me treng person som kan vere med å styre prosjektor under gudstenesta i Ølen kyrkje nokre sundagar. Opplæring vil bli gitt. Dersom du kan tenke deg å vurdere dette, tar du kontakt med sokneprest Johannes Nedrelid.

Bedehusa i Vats

vil denne hausten prøve å ha ”Fellesmøte” for krinsane. Me har lagt opp til møte annakvar onsdag. 9.9 og 20.10 Øvre Vats, 22.9 og 3.11 Blikrabgyda, 6.10 og 17.11 Kårhus. Møta starter kl. 19.30.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
12. september 16.s.e.pinse Luk 10,38-42	Vikedal kl. 16.00 Høgmesse Dåp Nattverd Konfirmantpresentasjon Takkoffer: NMS	Skjold kl. 11.00 Hausttakkefest 4-års boka Takkoffer: Gadjiwanprosjektet Kyrkjekaffi	Ølen kl 11.00 Gudsteneste . Dåp Konfirmantpresentasjon. Takkoffer: KRIK
19. september 17.s.e.pinse Luk 7,11-17	Sandeid kl. 11.00 Høgmesse Dåp Nattverd Takkoffer: Bispedømmerådet	Vats kl. 17.00 Generasjonsgudsteneste Nattverd Barnas kyrkjestund Takkoffer: NMS Kyrkjekaffi	Vikebygd kl. 11.00 Familegudsteneste. Konfirmantpresentasjon 50-årskonfirmantar. Takkoffer.
26. september 18.s.e.pinse Joh 8,31-36	Imsland kl. 11.00 Høgmesse og hausttakkefest Nattverd Konf.presentasjon 50-års konfirmantane Takkoffer: Gadjiwanprosjektet	Skjold kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd Søndagsskule Takkoffer: NMS Kyveldsmai	Ølen kl. 11.00 Jazzgudsteneste. Nattverd. Presentasjon av nytt misjonsprosjekt i Eucador. Takkoffer til misjonsprosjektet.
3. oktober 19.s.e.pinse Mark 10,17-27	Vikedal kl. 11.00 Høgmesse og hausttakkefest Takkoffer: Gadjiwanprosjektet	Vats kl. 11.00 Hausttakkefest 4-års boka Takkoffer: Gadjiwanprosjektet Kyrkjekaffi	Vikebygd kl. 11.00. Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Utdeling av 4.årbok. Takkoffer. Bjoa kl. 17.00. Misjonsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til NMS.
10. oktober 20.s.e.pinse 1 Mos 9,8-17	Sandeid kl. 16.00 Familiegudsteneste og hausttakkefest Takkoffer: Gadjiwanprosjektet	Skjold kl. 11.00 50-års konfirmantane Nattverd Takkoffer: Misjonsalliansen Kyrkjekaffi Soknemøte om gudstenesteforordninga	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
17. oktober 21.s.e.pinse Mark 10,13-16	Vikedal kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Kirkens SOS	Vats kl. 11.00 Nattverd 50-års konfirmantane Takkoffer: Sjømannsmisjonen	Vikebygd kl. 17.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.
24. oktober 22. s.e.pinse Matt 11,25-30	Imsland kl. 11.00 Høgmesse Nattverd	Skjold kl. 11.00 Familiegudsteneste Nattverd Speidarane deltek Takkoffer: Speidararbeidet Kyrkjekaffi	Ølen kl 16.00 Familiegudsteneste. Barnebibel til 4-åringar. Takkoffer: Klubben Kyrkjetunet.

Andaktstелефonen 380 91 700

Andaktstелефonen vart starta i 1973 i Kristiansand med det formål å spreie evangeliet til så mange som mulig, for særlig å nå dei som ikkje så lett kan samlast i Guds hus. Det er 13 kyrkjelydar og organisasjonar i Kristiansand og Vennesla som driv Andaktstелефonen, men den vorte nytta frå hele landet. Tenesta er gratis og gjer det mogeleg å høyra ein andakt via telefonrøyret. Kvar andakt varer i 3-4 minutt, og kan nåast heile døgnet. Forkynnarar frå ulike menighetar/organisasjonar les inn andaktane som du kan lytte til. Desse vert skifta kvar tysdag og fredag. I fjar var det nes-ten 40 000 oppringningar til telefonen som nå disponerer fire telefonlinjer og er den største av sitt slag i landet. Innringarane får vera anonyme, men det er også høve til å ta direkte kontakt med talaren etter dei fleste andaktane. - Vi veit ikkje kven som ringer, seier Magne Aabel som er ein av leiarane for andaktstenesta, og held fram: - men vi veit det er menneske som ønskjer ei helsing i frå Jesus og å høyra røysta av eit medmenneske som ønskjer den som ringer Guds signing.

Me ynskjer: Lopper og auksjonsvarer

til Kyrkjedagane 2010, laurdag 18.sept.
Gamle ting, møblar, sportsutstyr, leikeutstyr, heimelaga handarbeid
(ikkje kle og sko). Me hentar på huset! Kontakt:
Olav Granberg, Ølen, tlf. 53 76 86 86 eller Lars Dalen, Ølensvåg, tlf.
53 76 80 05/982 86 826



**HVORDAN
HAR DU DET**
egentlig?



Kirkens SOS
815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 21. oktober.
Stoff kan sendast til Hyrdingen, Rådhuset, 5580 Ølen.
E-post: hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no
Frist for innlevering av stoff: 2. oktober.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)